



Pressemelding 1. april 2020

## Melding frå Alver til alle påsketuristar

– Vi vil utvide hytteforbodet og stenge kommunen for all påsketurisme i år.

Dette seier rådmann i Alver, Ørjan Raknes Forthun.

Etter at regjeringa innførte hytteforbodet, har kommunen fått mange spørsmål frå folk med bubil, campingvogner og fritidsbåtar.

– Formålet med det nasjonale hytteforbodet er at folk skal halde seg heime. Vi skal reise minst mogleg og ikkje belaste helsevesenet i andre kommunar enn vår eigen, seier Raknes Forthun.

Difor inviterer rådmannen formannskapet til å supplere det nasjonale hytteforbodet med to lokale vedtak. Forskrifta skal stenge alle campingplassar, bubilplassar og gjestehamner for fritidsbåtar. Vedtak seier at folk som bur i andre kommunar ikkje skal fricampe her. Formannskapet har møte fredag 3. april.

– På denne måten blir det lett å svare alle som spør. Og svaret er at vi ønskjer alle ei god heimepåske i år, seier Raknes Forthun.

Kommunen gjer dette i dialog med politiet, som kjem til å sjekke at det ikkje lys i hytter og aktivitet på camping- og bubilplassar i påsken.

### **Kontaktperson i Alver kommune**

Ørjan Raknes Forthun, rådmann i Alver kommune  
Mobil: 915 86 338